

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 17.11.15 kl.18.00-20.45

Me starta møtet saman med styret for Landskapsparken.

Una Eiken skreiv referat frå fellesmøtet.

Så gjekk me over til eigne styremøtesaker.

Til stades: Sigmund Eiken, Kaia Gulbrandsen, Sonja Irene Skarde, Kenneth Vikane, Marit Huus, Tone Belsnes, Marta Bergstø. Meldt forfall: Gunnar Dalseth.

**Sak 1**, Godkjenning av saksliste og referat frå møte 20.10.15. Ingen merknader til sakslista. Merknad til referat, sak 4: Dei gamle skilta for saga og kvernhuset skal ikkje opp att. Me er i dialog med oppgangssaga om nye skilt.

**Sak 2**, Godkjenning av avtale om badefjøra: Me går inn for forlenging av avtalen.

**Sak 3**, Søknad om leige av areal for rubbhall ved Herand Kulturhus.

Søknad er motteke, handsama i styret, og søkar har fått svar.

**Sak 4**, Godkjenning av rekning for slamavskillar: Samstemmig godkjent.

**Sak 5**, Kjøp av ny moppemaskin. Saken er utsett.

**Sak 6**, Basaren 29.des: Me fordelte ein del oppgåver.

**Sak 7**, I påvente av tilskotsmidlar, kan me mangla litt pengar til sluttfinansieringa.

Skal me då ta opp banklån eller privatlån? Saken er utsett til neste styremøte.

**Sak 8**, Eventuelt.

– Det er sendt søknad til Hordaland Fylkeskommune om midlar til å finansiera restbeløpet til taket på Båtbyggarnaustet.

– Finansiering av hjartestartarskåp.

Me oppmodar verksemder som har tilknytning til bygda om å vera med på eit spleiselag.

Brev om dette vert sendt ut til alle verksemder.

Neste styremøte i Herand Bygdelag vert tysdag 15.12.15

Skrivar: Marta Bergstø.